

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. **Gamal engkultur**

Fylke: Opland

12

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Etnedal

Emne: Gamal engkultur

Bygdelag: Heile bygdi

Oppskr. av: Lærer Martin Lundstein

Gard:

(adresse): Bruflat

G.nr.

Br.nr.

- A. ~~Merk av om~~ oppskrifta er etter eiga røynsle. og etter Torv Langedal Gardmann 82 år. Etnedal.
- B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I

Både ordet eng og utslått har vore nytta her, det fyrste om eng på innmark, det siste om slåtteteigar på myrar og i skog og mark. Ekre, eller eikre som dei her seier, var åkrar som var brukte so lenge at dei laut få kvile nokre år og grasbinde seg, enten ved berre eige hjelp eller dei raska saman formo på läven og i löda og sädde på som grasfrö. Ordet tjukkeng vart av sume nytta om bra slått. Slått millom stubbar og steinar både på innmark og på utslåttene vart alltid nemt skrapslått. Stutturvljær har ikkje vore i bruk her, og det har difor ikkje vore tale om langorvslått og stutturvslått. Dei ymse forslagi vart helst nemt godhøy og skrapfor.

II

Både bortpynting av röslauv, kvist og rask etter lauving og nedhogging av småskog på inn og utmark vart kalla ä röa. Det var helst om våren dette vart gjort. Avfallet kasta dei i store dungar. Ein slik dunge vart kalla ei kös. Og for det meste brendt. " Dei brenne köse", Andre lot kvistehaugen ligge til han rotna. Oska etter ei brend kös vart gjerne ligjande upåakta. Frå utslåttor gjorde dei aldri noko for å få bort steinar, men mykje attåt frå innmark. Då grov dei kring steinen, gjorde op varme og brende han sund, og drog eller köyrde han vekk på vinterføre.

III

Mosevaksen slått på utslåttene vart det til vanleg ikkje gjort noko med, men mosefengd mark innagjerdes var det some som overgjødsla med oske eller husdyrgjødssel. Grasfrø veit ein ikkje av vart brukt til slik mark. Grasfrøvar etter det ein veit, ikkje i bruk her før omkr. 1880 (Sjø elles under punkt I)

IV

Både i utmark og innmark brukte folk å veite for å få bort vatnet. Engvatning har der vore lite eller ikkje av her.

V

Utslåttene vart aldri gjødsla. Der hausta dei år etter år det som kom av seg sjölv. Men innmarki har frå gamal tid vore gjødsla, mest med naturgjødssel, helst hestemök eller talle (d.e. sammantrækka saumök) som dei köyrde ut og breidde på marki, so mykje eller so lite, som dei hadde råd til. Slik gjødsselbreiing kalla dei her "å spreite", og det måtte helst gjerast mot regnvar. Elles vart det ogso brukt oske til overgjödsling. På Smølahaugen her nord i dalen budde der ein mann, som folk kalla berrø, "Øskemann". Han for rundt om vinteren og sanka saman all den oska han fekk tak i, og selde ho då til böndene om våren. Eingong kjøpte Engebret Hoff på Lunde eit heilt hus fullt med oske av honom. Mannen heite Andreas Smølahaugen. Han døyvde omkring 1900.

VI

Sers kilt mann på gjødsla eng hadde dei ikkje her. Men for som hadde vokse på slik eng kalla dei som oftast tufor eller hevdafor.

VII

Det ser ut til at dei gamle hadde for auge at det skulle vera "tuseg" frå fjøet (slik at gjødselveta kunne sige utover). Ofte sag ein der var grave små veiter til side, so veta skulle spre seg. For frå tuseget vart og

kalla tufor. Ein såg iamt det låg åkrar på haugar og bakkar, men ein kjenner ikkje til at dei skulde ha nokon sers meining med dette.

VIII

Dei gjødsla engi helst om våren (sjå elles under punkt v) Ein kan vel seia at dei her gjekk over til moderne reid- skapar og arbeidsmåtar ved omkring 1880.

IX

Både eng og utslåttar var frå gamal tid beitte både vår og haust, so vidt ein veit ikkje med tanke på at marki derved skulde bli gjødsla, men for å spare inneforing.

I den siste mandsalder er vårbeiting heilt avsjaffa, når ein tek undan at det er dei som let sauene vårbeite ei stund for lammi si skuld

X

Sjå under punkt IX.

XI

Gjødsla som låg att på marki etter beiting, vart sjeldan påakta, når ein tek undan at ein og annan, mest på mindre bruk kunne gå med ei rive eller krafse og hakke sund rukone og slå dei utover. (Om gjødseklubbe sjå punkt xx)

XII

Kröter som gjekk på beite vart om kvelden henta heim på fjöset. På sume gardar hadde dei sumarfjös, aldri meir enn eit og helst litt utanum innmarki, og som vart nytta til beiteskrötera haust og vår. Gjødsla ved sumar- fjöset vart nytta som gjødsla ved gardsfjöset.

XIII

Innehenging til nattelege for beiteskröter var ikkje i bruk her, det ein veit..

Grindgang eller kveing XIII - XVIII
ukjendt her.

IXX

Ordet "trö" er velkjent her. Trö kallar ein plassen utanfor fjöset på setrane, der budeia möter op med salt- dunken og tek i mot kröteri, når dei kjem heim til kvelds.

På alle stölar her hadde dei so langt ein kjenner til at-
 ende ei inngjerd slåttemark, setervollen. Ein kan ikkje sei
 a at det går tilatters med seterslåtten no, då alle seter-
 vollar blir hövsta no som før. Setervollen blir no som før
 gjødsla med gjødsli frå seterfjøset. Denne blir helst ut-
 kövrd på meislede om hausten, og spreidd utpver, før med ei
 treroko, seinare med ein jarnspade, no med vanleg mökgreip.
 Om våren att köyrde dei då eit slodd, påspikra lange bjørke-
 greiner med toppen attover, so klankane vart småknuste.
 Dei som ikkje hadde kövredning, sjeekgjerne med ei trek-
 klubbe med langt skaft, og slo sund klankane. Klubba vart
 gjerne kalla mökklubba eller gjødselklubba.

XXI

Ein kjenner ikkje til at stölsvollane før har vore gjødsla
 med anna enn husdyrgjødsel. No köyrer mange op på stölane
 kunstgjødsel og mest kvelstoffgjødning og sprer utover om
 våren. Dei som nytta oske som gjødning, nytta den nok helst
 heime på garen. Setervollane her kan vera heilt ulike i
 storleik -frå 4-5 da, og heilt op til 80-90 da. Det blir
 difor berre ein del av vollen, som kan gjødslast kvart år,
 alt ettersom vollen er stor til, og ettersom dei har mykje
 eller lite gjøssel liggjande.

Martin Lundsheim.


Värmland.
E. Fredal.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR. NORSK FOLKEHUSEMUSEUM
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret hekk på stonga bak ryggen at den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ?



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ?

Har ein bruka kumøkk til brensel ?

Ikke noko av dette er brukt her
M.L.